

# Vedtektsendringar Vestland Arbeidarparti årsmøtet 2021

## Ny § 2. Årsmøte

6. Styret deltek på fylkesårsmøte med tale-og framleggsrett. Representantane frå fylkestingsgruppa som er invitert deltek med talerett.

## Ny § 11 – Retningslinjer for Aktivitetsfondet

Kommunepartia i Vestland og AUF i Vestland kan søke økonomisk støtte frå Aktivitesfondet i Vestland Arbeidarparti.

Styret vedtek kvart år i handsaming av budsjett kor mykje pengar som skal overførast til Aktivitetsfondet.

Søknad sendast til partikontoret i forkant av arrangementet.

Styret har valt å legge følgande føringar til grunn når det gjeld handsaming av søknadar:

1. Det skal ligge ved budsjett for aktiviteten når ein søker.
2. Det vert utbetalt maksimalt 8.000 kroner for ein aktivitet/eit arrangement.
3. Aktiviteten skal i størst mulig grad være utadretta og synleggjere Arbeiderpartiet i kommunen. Søknadar om verveaktivitet vil bli prioritert.
4. Pengane vert utbetalt etter at aktiviteten er avholdt og rekneskap med kopi av bilag er sendt partikontoret.

AU har fullmakt til å handsame søknadar ved behov.

## Ny § 12 – Retningslinjer for partiskatt

(Vestland Arbeidarparti viderefører avtalen om partiskatt frå Hordaland Arbeiderparti.)

1. *Medlemmer i fylkesutvalet og utvalsleiarar betalar kr. 10 000,- i året.*
2. *Fylkestingsmedlemmane betalar kr. 4 000,- i året.*
3. *Varamedlemmar som møter i fylkestinget, komitèar og andre råd og utval der det blir betalt møtehonorar betalar 15% av møtehonoraret. I andre styre, utval m.v. der representantar er oppnemnt av fylkeskommunale organ betalar partiet sine medlemmar 15% partiskatt av den utbetalte godtgjersla.*
4. *Storingsrepresentantane betalar mellomlegget mellom kr. 10 000,- som er taket for partiskatt og det beløpet som vert betalt til storingsgruppa – pr. 2019 innbetalast kr. 4 000,- til Vestland Arbeidarparti.*
5. *Oversikten over innbetalt partiskatt vert oversendes AU kvart kvartal.*

## Ny § 4 Styret

### § 4. STYRET

1. Vestland Arbeidarparti vert leia av eit styre på 9-ni- medlemmar. Årsmøtet vel 9 medlemmar og 3 varamedlemmar. Det er leiar, nestleiar, leiar av kvinnenettverket, **medlemsansvarleg**, fem styremedlemmar og tre varamedlemmar. I tillegg møter AUF i Vestland med fulle rettar, fortrinnsvis leiar.

2. Arbeidsutvalet skal være samansett slik:

Leiar, nestleiar og ein styremedlem.

Arbeidsutvalet skal vere eit saksførebuande organ for styret.

Arbeidsutvalet står for den daglege drifta av fylkespartiet.

Arbeidsutvalet avgjer alle administrative spørsmål og har ansvar for at vedtak som er fatta i partiet sine ansvarlege organ vert gjennomførde.

Viktige politiske og organisatoriske saker skal handsamast av styret.

Må arbeidsutvalet ta avgjerd i slike saker grunna tidsnød, skal saka leggjast fram for styret på første møte.

Dei tilsette partisekretærane skal førebu sakene til arbeidsutvalet og styret, og møter med tale- og framleggsrett.

3. Styret peikar ut ein medlem til å tiltre fylkesstyret i AUF i Vestland.

4. Styret oppnemner etter framlegg frå kommunepartia ei styringsgruppe for kvinnenettverket til Vestland Arbeidarparti

5. Dei som tiltrer med møte-, tale- og framleggsrett:

Storingsrepresentantane i Sogn og Fjordane/Hordaland AP, sentralstyremedlemmar, fylkesordførar når Arbeidarpartiet har dette vervet, gruppeleiar i fylkestingsgruppa, distriktssekretær i LO, føresett at vedkomande er medlem i Arbeiderpartiet, og fylkessekretær i AUF i Vestland.